

Kva vil du bli?



Jone: - Noko med jordbruk

**Kva vil du bli?**

**Dette var det ståande spørsmål i 5 timar på Husnes i dag, under den årlege yrkesmessa i Husneshallen, retta mot elevar i ungdomsskulen, den vidaregåande skulen og Vaksenopplæringa.**

**Lett var det heller ikkje no å svara på spørsmålet og ein av dei som ikkje kunne det var utruleg allsidige Ingebjørg Haugland frå Uskedalen. Ho er alt frå organist til skimeister men er førebels sterkt i tvil om yrkesvalet. No har ho eitt år att på den vidaregåande skulen.**



Ingebjørg: - Veit ikkje kva valet vert -

Kanskje du vert profesjonell skiløpar?

- Nei, det trur eg ikkje, svara Ingebjørg medan ho svara heller uanstrengt på quizen til Hellesøy. Ein uskedeling som sat på andre sida av messeborda og med andre ord var informator var Jone Rørheim Kjærland, (16) som no går fyrste året på naturbruklina på Voss Jordbruksskule. No er det 4 uskedelingar på denne skulen der ein kan få 3 års utdanning til agronom eller studiekompetanse. Dei 3 andre er Eirin Rørheim Kjærland, Marita Kjærland og Anette Musland. Når uskedalen.no spør om yrkesvalet er svaret.

-Eg veit ikkje, eg får sjå kva framtida seier.

-Er det interesse for standen for skulen?

-Det er i alle fall nokon som ynskjer meir informasjon. Men det er ikkje så mange.

Jone er ikkje arving til gard, men han går ut ifrå at han kjem til å driva med noko som har med jordbruk å gjera. Han kan opplysa at skulen han går på no har eit stabilt elevtal rundt 70 og 19 av dei går på naturbruk. Førebels veit dei ikkje kor mange det vert neste år, men mykje tyder på at stabiliteten held fram. Det er positivt i ei tid som er prega av stort fråfall i jordbruket.

Ein stor enquete i Kvinnheringen fortel om svært allsidige yrkesynskje mellom uskedelingane og her er dei 7 som har vore med i rundspørjinga: Emilie Bringedal programleiar, Viljar Simonnes Tveit fotballspelar kanskje, Jonas Ridzevicius dataekspert, Jakob Taranger fotballproff eller dyrlege, Stine Soldal frisør, Caroline Saghaug Kjerpeset kanskje frisør og Veslemøy Haugland lærar eller noko innan butikk og sal.

Eit førtitals utstillarar var med i messa der Uskedalen glimra med sitt fråver. Det varierte frå lokale verksemder til høgskular og det velregisserte arrangementet var det Opplæringskontoret, KVV, kommunen, Søral og HMR som sto ansvarleg for.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen